

## Nedlegging av FNs utrykningsstyrke Shirbrig:

# Svekker FN-bidrag

Bjørn Jacobsen, stortingsrepresentant for SV, meiner framlegget om å legge ned FNs utrykningsstyrke SHIRBRIG vil svekkje den norske satsinga på FN-operasjonar, til fordel for operasjonar i Nato- og EU-regi.

SHIRBRIG, FNs utrykningsbrigade har hovudkvarter i Danmark, og dei nordiske landa har øyremerkt styrkar til brigaden. I sommar har Noreg, Sverige, Danmark og Finland sendt brev til SHIRBRIG om at landa vil trekke styrkebidraga sine, og dei krev at styrken vert lagt ned.

SHIRBRIG har hatt problem med å stille som ein samla styrke, fordi dei deltakande landa har bunde opp styrkane sine i andre operasjonar, mellom anna i Afghanistan.

### Svekker FN-bidraget

Bjørn Jacobsen meiner nedlegging vil svekkje FNs kapasitet for fredsoperasjonar.

- Det vil vere veldig trist dersom SHIRBRIG vert lagd ned, seier Jacobsen til Standpunkt.
- Det kan hende det finst praktiske grunnar til at SHIRBRIG ikkje har fungert slik det var tenkt, men i realiteten vil ei nedlegging svekkje det norske FN-bidraget. Dette styrkar ikkje trua på at Noreg vil satse meir på FN, slik det vart lovd i Soria Moria, slår han fast.
- Dette skal politisk behandlast. Eg synst ikkje det er greitt at forsvarssjefen sender eit slikt brev til SHIRBRIG. Vi vil ta opp saka når Stortinget er samla igjen. Dette er ei typisk sommarsak. Når katten er borte, dansar musa på bordet, konstaterer Jacobsen.

### EUs Nordic Battle Group

Jacobsen er kritisk til at Noreg skal bidra i EUs Nordic Battle Group (NBG) når vi ikkje klarer å bidra til FN. NBG er ein EU-styrke, med bidrag frå Noreg, Sverige, Finland, Irland og Estland, og som skal kunne nyttast til fredsbevarande og såkalla fredsopprettande operasjonar.

- Vi er med på å legitimere EUs militærprosjekt gjennom å delta der. Kvifor skal vi vere med i Nordic Battle Group når vi ikkje er medlem i EU? Danmark er jo medlem i EU, men dei er ikkje med i militærsamarbeidet. Vi kan heller øyremerke desse styrkane til FN, foreslår han.

### Sviktar FN

Bjørn Jacobsen meiner den største unnlatingssynda til regjeringa er at Noreg ikkje stiller opp i FN slik dei har lovd.

- I 1997 var det 1500 norske soldatar i FNs operasjonar, i dag er det i praksis ingen. Vi må rette på dette, slår Jacobsen fast.

Jacobsen meiner det er viktig at det nordiske samarbeidet held fram i FN.

- FN er den største operatøren av fredsstyrkar i verda. Minst ein tredel av dei norske utanlandsbidraga bør gå gjennom FN og eit nordisk samarbeid, og på sikt minst halvparten, seier Jacobsen.
- Noreg har svært mykje å takke FN-systemet for, tenk berre på havrettsforhandlingane og 200-mils grensa. Sjølv sagt skal vi støtte opp under FN-systemet, slår han fast.

Jacobsen meiner Noreg bør bidra gjennom FN i Afrika. Det er der behovet er størst, og folk svelt og dør.

– Vi må slutte med å rydde opp etter USAs folkerettsstridige krigar. Det norske FN-bidraget bør bidra til å setje styrkar frå dei afrikanske land i stand til å utføre fredsoppdrag. Vi kan stille med spesialistenester som sanitets-, ingeniør- og sambandsstyrkar.

**Kostar Noreg lite**

– Den årlege kostnaden for SHIRBRIG er på rundt to millionar. Til samanlikning betalar vi 500-600 millionar i «medlemskontingent» i Nato. SHIRBRIG skal vere veldig dårleg om det ikkje er verd to millionar, seier Jacobsen.

Statssekretær Espen Barth Eide meiner derimot at utrykkingsbrigaden er eit barn av nittitalet, som det er mest ønskjeleg å legge ned.

– Man må spørre seg om SHIRBRIG er riktig kanal å jobbe vidare med. Jeg er enig i at vi setter for lite fotavtrykk i FN i dag, men dette er ikke et eksempel på at vi vender oss vekk fra FN, seier Barth Eide til Aftenposten.

Av Sindre Humberset